

## Årsmelding 2018 for Håvoll småbåtlag

Håvoll Småbåtlag har 141 medlemmer med båt plass og 14 medlemmer utan plass.

Styret har i 2018 hatt slik sammansetting: John A Bjørndal (leiar) Håvard Bjørndal (nestleiar) Arnfinn Brautaset (kasserar) Kjell Eirik Vikestrand (styremedlem) John Ivar Solvang (styrmedlem) Arve Johan Yksnøy (styremedlem) Lars Johan Bjerkvik (styremedlem). Anders Ørstavik (1.vara) og Solaug Eiksund (2 vara) Jarle Winsnes har ført rekneskap. Det har vore 4 styremøter som har behandla 26 saker.

### **Arbeid i laget i 2018**

Styret har arbeid med å få omregulert den nye nausttomta frå offentleg areal til nausttomt slik at den kan byggast naust på, dette vart greit ordna med Ørsta kommune og utan gebyrer.

Vi har og hatt møte med Ørsta kommune og grunneigar Lars Johan Bjerkvik mest for å finna løysingar for bruk av areal i og rundt havna og korleis ein ser for seg framtidig bruk av vegar i området.

Då der ser ut til å ta lengre tid å koma i gang jordskiftet, med fann styret i haust at vi ta kontakt med dei andre grunneigarane til veggrunn ved havna for å prøve å få til ein avtale om å og legga asfalt på vegen i havna. Det var ingen av dei andre som ville legga asfalt, vi fekk då pristilbod frå Veidekke på å legga asfalt på vår grunn dvs frå skjæret til eigedomsgrensa til Ungdomsenteret. På grunn av tidleg frost vart dette ikkje gjennomført, men vil verta gjort no til våren og vi voner vi då kan få med dei andre grunneigarane og.

Uver 01.01.2019 gjorde ein del skade på båter og brygger i havna.

## **Investering.**

I 2018 er det berre gjort mindre påkostninger i havna og på klubbhuset.

## **Planer.**

Vi vil i 2019 få lagt asfalt. Reparert / skifta heilt eller delvis brygge 2 gjera vanleg vedlikehalds arbeid. Koma i gang med vøling av Langlo naustet.

Bjørdalen 05.02.2019